

Oddbjørn Magne Melle

## **NEDTELJING TIL KRIG I UKRAINA: GEOPOLITISK PERSPEKTIV PÅ VARSLA STORKONFLIKT**

«The roots of the current situation lie in the events of the 1990s»  
(Mikhail Gorbatsjov 8.11.2014)<sup>1</sup>

«Gorbachev had apparently been promised that NATO would not advance to the east» (Sakwa 2015)<sup>2</sup>

### **Krigsutbrotet – Tema og tidsramme. Motstemmer**

Krigen som braut ut då Russland invaderte Ukraina 24. februar 2022 kom overraskande for mange. Ein typisk kommentar i norske massemedium var at Russland var blitt «uforutsigbart», som om invasjonen kom som lyn frå klår himmel. Den reaksjonen tyder på at kunnskapsformidlinga om NATOs nye konsept og strategi med fokus på Aust-Europa etter den kalde krigen har vore mangelfull.

I dei åtte åra sidan 2014 vart det utkjempa ein konflikt av borgarkrigs-karakter i det austlege Ukraina, med risiko for eskalering til ein storkonflikt. Denne regionale krigen tok rundt 14 000 menneskeliv utan at konfliktstoffet vart grundig analysert i norske massemedium. Same året som denne regionale krigen tok til opna det amerikanske tidsskriftet *Foreign Affairs* spaltene for ein russisk forskar om kva som kunne skje dersom det ikkje kom i stand ei forhandlingsløyising som *både* omfatta det geopolitiske elementet som slo fast Ukrainas internasjonale status som nøytral stat (ikkje NATO-medlemskap), og samstundes verna dei etnisk-kulturelle rettane til den russisk-talande befolkninga i Ukraina: «The alternative would be far, far worse: Ukraine could well break apart, drawing Russia and the West into another prolonged confrontation.»<sup>3</sup>

Frå forskarhald i USA kom liknande åtvaringar mot ukrainsk medlemskap i NATO langt tidlegare. I ettertid er det nok mange som stiller spørsmålet om den påfølgjande storkrigen kunne ha vore unngått dersom Minsk-avtalane (2014/2015) hadde ført fram til eit *modus vivendi*, med ein viss regional autonomi for austprovinsar i Ukraina. Årsakene til at det ikkje lukkast, veit vi enno for lite om.

Eit hovudmål med denne artikkelen er å vise litt av det omfattande kjelde-materialet om NATO, USA, Russland og Ukraina som tilsa at konfliktstoffet mellom desse aktørane kunne eksplodere i krigshandlingar. Ei slik utvikling var føreseieleg, slik eg varsla i ein avisartikkel i 2015, at om Ukraina var det «fare for ein internasjonal storkonflikt.»<sup>4</sup> Dette var året etter den destabiliser-

ande regimeendringa i Ukraina då president Victor Janukovitsj vart avsett etter eit opprør i Kyiv, som USA etter alt å dømme var delaktig i. Janukovitsj hadde sin sterkaste veljarbasis i dei sørlege og austlege delane av Ukraina der det russiske språket har stått sterkt. Russland reagerte på avsetjinga med å annektere Krimhalvøya, som sovjetleiaren Khrustsjov i 1954 hadde overført til det som då var sovjetrepublikken Ukraina. Ifølgje Lawrence Freedman, professor i krigsstudiar ved King's College i London, representerte regimeendringa i Kyiv vendepunktet. Eit land som hadde balansert mellom Vesten og Russland var brått «left completely in the hands of pro-Western leaders. At this point, Putin resolved to annex Crimea.»<sup>5</sup>

Sjeldan har ein historikar kome med ein spådom som til dei grader har slått til, som denne året før krigen i 2022 var eit faktum: «Fighting between Moscow and Kyiv over relations with NATO and the West was clearly going to be yet another landmark of the twenty-first century, with consequences far beyond the border of either country.»<sup>6</sup> Desse konsekvensane har vi berre sett starten på. Det var den amerikanske historikaren, Mary Elise Sarotte, som skreiv dette i boka: *Not One Inch. America, Russia, and the Making of Post-Cold War Stalemate*.

I hovudtittelen spelar Sarotte på den omstridde påstanden om at framståande politikarar i Vesten skulle ha lova sovjet-leiaren Mikhail Gorbatsjov at NATO ikkje kom til å bli utvida ein tomme austover etter Berlinmurens fall og samlinga av Tyskland. Dermed legg ho inn eit trettiårig asymmetrisk konfliktperspektiv mellom den einaste attverande supermakta etter den kalde krigen, USA, og restrepublikken etter Sovjetunionens kollaps: Russland.

Den omstridde lovnaden om at NATO ikkje skulle ekspandere austover inn i den tidlegare sovjetiske interessesfæren, skulle vere den vestlege motytinga for at Gorbatsjov gjekk med på tysk samling og å drage attende dei sovjetiske styrkane frå Aust-Europa. I denne buffersona hadde styrkane stått sidan Den andre verdskrigen. Det var ikkje noko mindre enn verdsordenen i etterkrigstida – Jalta-avtalen frå 1945 – som stod for fall. Kva skulle kome i staden? Då Sarotte publiserte boka året før det russiske angrepet, hadde ho kanskje dekning for ordet «stalemate» om tilstanden, dragkampen mellom Russland og USA, men det kan neppe vere tvil om at USA, med NATO som reiskap, var på offensiven.

Utifrå vårt geopolitiske perspektiv – at internasjonal maktpolitikk blir influert og styrt av geografiske tilhøve i samsvar med det strategiske atlasets pedagogikk<sup>7</sup> – vil rammeverket for artikkelen vere NATOs utvidingsprosjekt etter den kalde krigen: motivasjonen, avgjerdsprosessen, dragkampen mellom pådrivarar og ikkje minst motstemmene. Grunngevinga for det siste er at motstemme-temaet har vore kraftig underkommunisert i norsk offentlegheit, med dei konsekvensar det har fått for Nye NATO-diskursen. I stor grad vil fokuset følgje eit overmektig USA etter Berlinmurens fall i 1989. Etter Sovjetunionens kollaps var det eit Russland i alvorleg krise, degradert til

andrerangs stormakt økonomisk og militært. Korleis kom utviklinga til å bli i det geografiske rommet mellom NATOs austgrense og Russland?

Denne store sentral- og austeuropeiske regionen hadde Sovjetunionen sett som ein forsvarspolitisk buffer sidan Den raude armé nådde Berlin i mai 1945, og frå 1955 kontrollerte gjennom Warszawapakta. Det var ingen opplagt tanke i NATO i 1990 at alliansen skulle ekspandere inn i dette området. Aust i regionen med grense til Russland ligg Ukraina. Det var denne grensa dei russiske invasjonsstyrkane kryssa 24. februar 2022, primært truleg for å setje styresmaktene i Kyiv ut av spel i ein *blitzkrieg* mot hovudstaden – totalt mislukka.

Det var dette viktige grenselandet ved Russland med stort areal og høgt folketal, som ihuga geopolitiske strategar i USA heilt sidan tidleg på 1990-talet hadde som mål å legge i NATO-vektskåla, utan omsyn til at det då var lite stemning for det i Ukraina. Geopolitisk – men venteleg også historisk, etnisk, kulturelt og emosjonelt – var det maktpåliggande for russiske styresmakter å hindre at noko slikt skulle skje med *den* tidlegare sovjetrepublikken som på mange vis hadde stått Russland nærast.

### **Geopolitisk jordskjelv: Sovjetisk oppløysing – amerikansk framrykking. Nye NATO tek form**

I ein tale i 2014 på 25-årsmarkeringa for Berlinmurens fall gjekk Gorbatsjov attende til dei første åra etter den kalde krigen og plasserte konflikt-røtene til tidleg på 1990-talet.<sup>8</sup> Gorbatsjov var den siste presidenten i Sovjetunionen og hovudaktør i forhandlingane med vestmaktene og NATO om demontering av kald krig-ordenen, tilbaketrekking av sovjetiske styrkar og samling av Tyskland.

Det største stridsspørsmålet i ettertid er kva som vart lova på vestleg side om alliansetemaet, om Gorbatsjov hadde fått seg forsikra at NATO ikkje ville bli utvida austover, «ikkje ein einaste tomme». Det er lite sannsynleg at Gorbatsjov hadde drege sovjetstyrkane ut av buffersona i Aust-Europa utan lovnader om at NATO ikkje ville avansere austover. Politologen ved Kent-universitet, professor i russisk historie og europeisk politikk, Richard Sakwa, ser det slik: «Gorbachev had apparantly been promised that NATO would not advance to the east.»<sup>9</sup> Den amerikanske toppdiplomaten, Russland-kjennaren og professoren, Jack Matlock, er ein av fleire som viser til forsikringar om det same, som denne frå NATOs generalsekretær, Manfred Wörner i 1990: «The fact that we are ready not to place a NATO army outside of German territory gives the Soviet Union a firm security guarantee.»<sup>10</sup> Gorbatsjov var idealistisk og visjonær, improviserande og tilpassingsdyktig, men arbeidet hans vart undergrave av Sovjetunionens kollaps og «his own ineptitude as a leader and negotiator», ifølgje Sarotte.<sup>11</sup>

Hadde Gorbatsjov sikra seg ein formalisert avtale, som Jalta-avtalen etter andre verdskrig? Realiteten var denne: «There was no peace conference after the end of the Cold War, and instead an uneven peace was imposed on Europe.»<sup>12</sup> Aktøren som hadde makt til å påføre Europa denne tilstanden var USA. Munnlege lovnader frå vestlege politikarar til Gorbatsjov, om aldri så mange, hadde ingen verdi synte det seg. Dette sviket mot Gorbatsjov vart ikkje nemnt i nekrologane hausten 2022.

Det var ingen uvanleg tanke etter oppløysinga av Warszawapakta (1955–1991) at det same kunne skje med NATO (1949 –). Kva skulle føremålet vere med denne alliansen når sovjetstyrkane drog seg ut av Aust-Europa? Sjølv-opphaldingsdrifta til organisasjonar og institusjonar kan vere sterk. Men NATO representerte ein formidabel maktkonstruksjon og hadde potensial som den viktigaste reiskapen i å projisere makt og interesser for USA rundt om i verda. Alliansen var grunna på Atlanterhavspakta av 1949, men verkeområdet var allereie frå starten vidare enn det nordatlantiske området – med medlemsland utanom, som Italia. Nye kom til i 1952 med Hellas og Tyrkia, det siste strategisk viktig for USA som grensande til Sovjetunionen. Kunne kanskje verkefeltet til NATO etter oppløysinga av Sovjet utvidast langt meir? For somme i USA var det freistande å ekspandere austover i Europa for å komme nærast mogleg det svekte Russland. Men som vi skal sjå kom det mange åtvarande røyster.

#### **NATO-status 1990: «Out of area or out of business?»**

«Since 1990, the conventional wisdom in U.S. and west European policy circles has been that NATO must take on new missions if it is to survive. This was the premise behind NATO's expansionist agenda, and this is the premise behind the new globalist agenda» (Michael I. Brown 1999)<sup>13</sup>

I ei vurdering av nye utfordringar for USAs utanrikspolitikk etter Berlinmurens fall omtalte Joseph Nye, direktør på Senteret for internasjonale saker ved Harvard-universitet, Aust-Europa som eit «particularly sensitive area» mellom aust og vest. Han minte om at Sovjetunionen hadde vurdert regionen som «essential to its military security.»<sup>14</sup> Det kan ein forstå på bakgrunn av traumatiske historiske erfaringar, som invasjonar attende til Napoleon. Hitlers invasjon åleine tok ca. 27 millionar menneskeliv i Sovjetunionen, derav rundt ca. 6 millionar i Ukraina. Det måtte bli eit okkupasjonstraume av litt anna format enn vårt 9. april 1940-kompleks.

Av alle land i Aust-Europa var Ukraina det tryggingpolitisk mest sensitive for Russland. At NATO-medlemskap kunne komme på tale, klarte ikkje Joseph Nye å sjå føre seg tidleg på 1990-talet. Det han undra seg mest over i 1990 var kva NATO skulle ta seg til etter den kalde krigen. Skulle ein utvide det geografiske verkefeltet og leite etter nye oppgåver som kunne fylle

alliansen med innhald? Tittelen på boka hans – *Bound to Lead* – levna ingen tvil om kva land som var verdshegemonen.

NATO stod altså ved ein skiljeveg. Alternativet til nedlegging var å gi alliansen forlenga eksistens gjennom nytt innhald. Men for å vere truverdig måtte innhaldet framstå som legitimt, få ein substans som rettferdiggjorde å oppretthalde historias mektigaste militærallianse, som reiskap for USA i internasjonal politikk. Det galdt å framstille NATO som uunnverleg, om det så var *ved sin ekspansjon å framprovosere det trugsmålet frå motparten som alliansen skulle trygge medlemslanda mot*. Richard Sakwa har fanga dette poenget i ein finurleg sentens: «NATO's existence became justified by the need to manage the security threats provoked by its enlargement. The former Warsaw Pact and Baltic states joined NATO to enhance their security, but the very act of doing so created a security dilemma for Russia that undermined the security of all.»<sup>15</sup>

Av denne tenkinga følgde ei utviding av verkefeltet til NATO geografisk, som gav alliansen ein ny geopolitisk dimensjon. Utan nytt innhald ville NATO få ei *identitetskrise*<sup>16</sup> og truleg forvitre. Dilemmaet vart formulert av senator Richard Lugar som: *Out of Area or Out of Business*.<sup>17</sup> Det innebar at NATO burde gå globalt som reiskap i USAs hegemoni-prosjekt, i første omgang i «the former post-Soviet space» i Aust-Europa.<sup>18</sup>

Eit pressmiddel for å få aksept for ekspansjonen var å setje det som vilkår for at amerikanske styrkar vart ståande i Europa.<sup>19</sup> I dette låg eit trykk som sette medlemslanda i ein pinsam, gissel-aktig situasjon. Den kan illustrerast med eit par nøkkelomgrep frå allianseteorien<sup>20</sup> og dilemmaet med å vekke to tilstandar: *abandonment* (utanforskap) og *entrapment* (innfanging). I det første tilfellet spelar alliansehegemonen på ein atmosfære som kan vere utstudert sjølvskapt.<sup>21</sup> Det gjeld noko så fundamentalt og handlingsstyrande som kjensla av angst, eller frykt – «the most electric of emotions», som «quickens our perceptions as no other emotion can».<sup>22</sup> Å stå åleine utanfor ein allianse i det internasjonale maktspelet, kan verke skremmande, som eit eksistensielt trugsmål for ein liten nasjon.

I ordet *entrapment* ligg ein annan risiko: Ved alliansemedlemskap vil nasjonen bli fanga av allianseprinsippa og kjenne seg forplikta til å delta i alliansens krigar, for NATO etter 1999 jamvel globalt. Det var denne tilstanden stortingsrepresentant Kjell Bondevik allereie 1951 intuitivt ante kunne bli Noregs lagnad i NATO. Han hadde eit heimeavla uttrykk for det, då Noreg to år etter at landet vart medlem av alliansen, underla seg felleskommandoen i NATO: «Ein kan lett verta sitjande fast i kongroveven før ein veit ordet av det.»<sup>23</sup> Året før hadde også Høgres fremste polititar, C.J. Hambro, uttalt seg om norsk suverenitet. I eit hemmeleg stortingsmøte sa han at Noreg hadde fått «en ledelse av vår utenrikspolitikk som ligger utenfor landet og landets grenser».<sup>24</sup> Di større frykt ein nasjon har for å bli ståande åleine, di sterkare lojalitet vil denne nasjonen utøve overfor «overvasallen». I

dette disiplinerande, psykologiske maktspelet med emosjonen frykt, er det for USA avgjerande å få ein tilstand av *abandonment* – utanforskap – til å framstå som meir risikabel enn *entrapment*.

Svaret på spekulasjonane til Joseph Nye kom frå øvste offisielle hald i USA utover 1990-talet. Harvard-historikaren Serhii Plokhy, med Aust-Europa som speciale, omtalar 1991 som «a major turning point in world history, and nowhere does this seem more obvious than in the former post-Soviet space».<sup>25</sup> Opphavet til den amerikanske politikken, strukturerande for internasjonale relasjonar til denne dag, kan òg sporast til dette året då Sovjetunionen kollapsa. I USA begynte den triumferande Bush-administrasjonen å planlegge for ein ny verdsorden der Sovjetunionen var borte og Russland låg i den storpolitiske grøfta med broten rygg. Planlegginga vart tiltrudd neo-konservative som forsvarsminister Dick Cheney og særskilt hans næraste underordna, Paul Wolfowitz. Den nye doktrinen, utmynta av ekspertar i Pentagon, reflekterte synet til president George H. W. Bush i hans tale om nasjonens tilstand i 1992: Den kalde krigen var ikkje berre over, den var vunnen. Og vidare med Plokhys samanfatting: «The United States now had a special mission in the world defined by its new status as the sole global superpower. The geographical and political limits imposed on that vision by its former Cold War adversary no longer applied.»<sup>26</sup>

Det bipolare verdssystemet som hadde skapt ein viss balanse og stabilitet internasjonalt, eksisterte ikkje lenger. Det var fritt fram for USA til å ta seg til rettes globalt, slik toppsjiktet som utforma politikken såg det, noko somkan disponere for hybris. Men her kan også *fryktparadokset* slå inn saman med fleire spørsmål: Kunne ein i denne tilstanden av overmott – etter fantasien om «The End of History» – likevel bere på ein heilt annan emosjon, av frykt eller angst? Ville den unike situasjonen bli varig, eller utfordra? Kunne makttilstanden gjerast permanent? Då måtte potensielle utfordrarar og rivalar haldast nede. I Sentral- og Aust-Europa kunne det berre vere Russland.<sup>27</sup>

Då element av Wolfowitz-doktrinen vart leke til pressa nokre veker etter talen til president Bush snr. i januar 1992, kom det fram at eit aspekt ved den storstrategiske, geopolitiske misjonsbefalinga var å hindre ein kvar potensiell rival i å gjere seg gjeldande på verdsarenaen, «if necessary by means of preventive war.»<sup>28</sup> Det var dette president Bush jr. følgde opp med ordren om å invadere Irak 11 år seinare, grunngitt med eit trugsmål som ikkje eksisterte – og med katastrofale konsekvensar for det irakiske samfunnet. Det var om den amerikanske tankegangen og ambisjonen bak denne krigen at historikaren Odd-Bjørn Fure utmynta formuleringa «Verdensherskerne».<sup>29</sup>

På øvste politiske hald i USA var ein altså klar over provokasjons- og krigsfaren ved å la militæralliansen ekspandere inn i Russlands sensitive nærområde: På eit kritisk stadium i oppløysinga av Sovjetunionen, 19. november 1991, tok president Bush og utanriksminister James Baker imot Gorbatsjovs rådgivar, Alexander Jakovlev. Dei to amerikanarane stilte

mellom anna spørsmålet om det kunne bli open krig mellom Russland og Ukraina når desse to sovjetrepublikane skildest. Jakovlev «responded that there were 12 million Russians in Ukraine, with «many intermixed marriages», so «what sort of war could that be?» Baker answered simply: «a normal war».<sup>30</sup> Allereie i 1992 kom det utspel frå USA's forsvarsminister Dick Cheney (seinare visepresident), om «a more aggressive approach» frå amerikansk side, heilt i tråd med Wolfowitz-doktrinen. Det galdt å sikre at «no rival superpower is allowed to emerge». Potensielle rivalar måtte haldast nede, hindrast i å få utvikle seg. Dette var før Kinas oppstiging. Uroa i visse krinsar i USA var at Russland kunne kome på fote og bli ein utfordrar igjen. Korleis kunne det blokkerast? Enno var ingen av dei tidlegare auststatane inkorporert i NATO, men det strategiske blikket gjekk austover. Same året (1992) tok ein sekretær i State Department kontakt med Ukrainas ambassadør i Washington for å bestille ein søknad om NATO-medlemskap – «to urge Ukraine to seek NATO membership.»<sup>31</sup> Det ville ta seg godt ut om ein søknad kom frå Kyiv og ikkje etter press frå USA. At berre eit lite mindretal i Ukraina då var tilhengarar av NATO-medlemskap,<sup>32</sup> spelte inga rolle for dei amerikanske pådrivarane.

Året etter (1993) gjorde tre analytikarar frå tenketanken RAND seg til sterke talerøyr for NATO-utviding austover i det prestisjetunge tidsskriftet *Foreign Affairs*. Artikkelen vekte stor merksemd og det er grunn til å rekne med at den vart lesen med uro i Moskva. M.E. Sarotte har fleire utførlege referansar til artikkelen i *Foreign Affairs*. Dermed tangerer vi det viktige maktspørsmålet om kven ein president lyttar til, stolar på og gjennomfører sin utanrikspolitik på grunnlag av. Etter Bush følgde Bill Clinton som president. For han som for andre presidentar, var det rimelegvis den vesle krinsen av rådgivarar han samla rundt seg. Den eine forfattaren av RAND-artikkelen i *Foreign Affairs*, Ronald Asmus, vart dregen inn i administrasjonen som medarbeidar til Strobe Talbott, nær rådgivar til Clinton. Asmus forstod hovudoppgåva si som å halde ekspansjonen gåande «until we have included the Balts.»<sup>33</sup> Dette skreiv han òg eit par artiklar om i 1996. Nærare enn Baltikum og Ukraina kunne ikkje ei NATO-framrykking kome Russland.

### **Lobbykonglomeratet: Det militær-industrielle-kongress-komplekset**

Ved femtiårsmarkeringa for NATO i 1999 stod alliansen ved ein skiljeveg. Kva funksjonar og oppgåver skulle ein no fylle NATO med? USA trona så desidert som supermakt i ei unipolar verd. Men også ei supermakt kan bli plaga av frykt for at styrkeposisjonen vil bli utmana. Ein sterk posisjon må konsoliderast, helst forsterkast. Motsvar frå Russland var lite sannsynleg, så veikt som regimet der enno var.

Det kom åtvaringar frå amerikanske forskarar mot allianseutviding, men president Clinton lytta heller til den mektige våpenindustrien med sine godt

betalte lobbyistar av tidlegare toppfolk i det militær-industrielle kompleks. Denne sektoren i den amerikanske samfunnsformaasjonen hadde sterk økonomisk eigeninteresse i at NATO kunne utvidast. Det var denne maktgruppa si undergraving av det amerikanske demokratiet president Eisenhower hadde åtvare mot i avskilstalen i 1961. I denne utanomkanalen er det ressursar som tel – akkumulert frå enormt lukrative våpenkontraktar.<sup>34</sup> Nye medlemsland i NATO ville bety nye kontraktar for den amerikanske våpenindustrien og dermed sterkare økonomiske musklar til å påverke Kongressen gjennom lobbyverksemd.<sup>35</sup> Det mest skremmande perspektivet for dei store våpenprodusentane er ein tilstand av fred, slik ein representant for General Dynamics uttalte overfor ei forsamling han heldt tale for: «What if we have peace break out?» Ein av NATO-representantane braut ut: «God forbid!»<sup>36</sup>

På bakgrunn av samrøret mellom den militære og den sivile sektoren, med den sivile som gissel for den militære, har den amerikanske sosialantropologen David Vine oppdatert og utvida Eisenhowers dobbel-nemning («militær-industriell») til ei trippel-nemning: «the Military Industrial Congressional Complex».<sup>37</sup> Slik illustrerer han maktgrepet som kombinatet «militær/industriell» har brukt for å kolonisere også det politiske feltet i USA, som Kongressen. Med denne nemninga vil han bevisstgjere om korleis folkevalde i USA er avhengige av pengegåver og donasjonar frå våpenindustrien for å vinne val og sikre attval.

USA blir meir og meir eit plutokrati enn eit demokrati.<sup>38</sup> Ifølgje William D. Hartung, brukte Lockheed Martin ein god del pengar – «spent furiously to influence the votes of key senators» – då Polens medlemskap i NATO skulle avgjerast, eit av dei første i rekka av nye medlemsland.

Lovvedtaket om utviding av NATO med tre land frå Sentral/Aust-Europa (Polen, Ungarn og Tsjekkia) passerte i Senatet 12. mars 1999 med røystetalet 80–19.<sup>39</sup> Mykje av førearbeidet var gjort gjennom NATO *Enlargement Facilitation Act* i 1996. Prosessen vart smurt av pengar, ei løyving frå USA på 60 mill. dollars.<sup>40</sup> Det hørde med til lovkonteksten av 1996 at USA skulle legge press på EU – der Frankrike og Tyskland var av dei meir skeptiske – om å slutte seg til NATO-utvidinga.

Det var ikkje noko grundig ordsifte i USA om avgjerda om NATO-utvidinga. Ifølgje professor Charles Kupchan kunne berre ti prosent av amerikanarane namngi eit einaste av dei tre nye medlemslanda i alliansen, som USA dermed hadde gitt ein kjernefysisk garanti. Den demokratiske forankringa til eit av dei mest konsekvensrike vedtaka om internasjonal politikk, kunne ha vore meir tillitsvekkande. Ved utgangen av 1990-åra hadde mistrua til det amerikanske demokratiet blitt så stor at tre av fire amerikanarar ikkje stolte på at regjeringa gjorde rettvise vedtak.<sup>41</sup> Kupchan finn òg grunn til å nemne reaksjonen på allianseutvidinga hos motparten: «Washington expanded NATO's borders eastward against vociferous objections of the Russians».<sup>42</sup> – Kom det ingen innvendingar om risiko og



faremoment ved denne politikken? Det gjorde det til ei viss grad i USA, mindre i dei europeiske NATO-landa, sosialiserte<sup>43</sup> til lojalt å følgje allianse-hegemonen – ikkje minst Noreg, som på autopilot. Om autoritetsforholdet mellom USA og dei andre NATO-landa og EU, høver formuleringa «relations of hierarchic subordination».<sup>44</sup>

### **Kennan: «Det største mistaket i vestens politikk etter krigen»**

Den amerikanske diplomaten George Kennan (1904–2005) er òg kjent som vitskapsmann og skribent. Særleg god innsikt fekk Kennan i tilhøva i Sovjetunionen der han var i fleire år, blant anna som ambassadør i Moskva på 1950-talet.<sup>45</sup> Planane om å utvide NATO austover etter den kalde krigen uroa Kennan sterkt og han kom med åtvaringar i fleire omgangar. Mot slutten av 1992 skreiv Kennan til Strobe Talbott, som fekk ei sentral stilling i Clinton-administrasjonen: Ved å utvide NATO-grensene kloss inntil Russland slik planen var – «smack up to those of Russia, we are making the greatest mistake of Western policy in the entire post-Cold War era.»<sup>46</sup> I ein tale i oktober 1996 kalla han planen ein «strategic blunder of potentially epic proportions.» I februar 1997 gjekk han ut i *The New York Times* under tittelen «A Fateful Error». Der karakteriserte han NATO-utvidinga austover som «the most fateful error of American policy in the entire post-cold-war era.»<sup>47</sup> Kennan gjentok åtvaringa då Clinton-administrasjonen i 1999 tok steget med å ta opp Polen, Ungarn, og Tsjekkia (Visegrad-landa) i NATO. Med Samuel P. Huntingtons formulering hadde administrasjonen då i fleire år arbeidd målmedvite for å utvikle kriteria og timeplanen «for the expansion of NATO membership».<sup>48</sup>

President Clinton, som mangla utanrikspolitisk erfaring, presenterte Kennans innvendingar for sin nære ven og fortrulege rådgivar, viseutanriksminister Strobe Talbott, som avviste dei. Som medlem i Det nasjonale tryggingrådet (NSC) vart Talbott ein sentral aktør i å drive gjennom NATO-utvidingane i dei politiske organa. Talbott var òg spesielt aktiv i å auke trykket på EU-land som var skeptiske til NATO-ekspansjonen. Om berre USA øvde påtrykk, så ville det «put the EU under pressure to change its stance.»<sup>49</sup> USAs kontroll med EU har òg synt seg i energikrigen mot Russland, som i boikotten av russisk gass då ferdigstillinga av South Stream vart stogga i 2014 og Nord Stream 2 i 2022 vart nekta opna på ordre frå USA. På grunn av landets eksepsjonelle økonomiske styrke har det amerikanske sanksjonsregimet vore eit viktig våpen i internasjonal politikk gjennom heile etterkrigstida. Ingen nasjon har i den grad som USA brukt sanksjonsvåpenet.<sup>50</sup>

Motstemmene til politikken om NATO-utviding har ikkje blitt mindre interessante etter den russiske invasjonen. Er det kanskje desse varslarane, som ikkje nådde fram i samtid, som, iallfall så langt, har fått «rett» i sine

prediksjonar?<sup>51</sup> Tidsskriftet *Foreign Affairs*, som opna spaltene for RAND-trioen som gjekk så sterkt inn for NATO-utviding, hadde òg tinga eit motinnlegg: «Should the West Go East?». Redaksjonen gav eit objektivt samandrag av dei to syna på framtida til alliansen med opningssetninga: «With the Cold War over, is NATO dying?»<sup>52</sup>

Det var redaktøren av tidsskriftet *The National Interest*, Owen Harries, som tok opponent-rolla mot RAND-forskarane, dei president Clinton lytta til. Harries åtvarar på det sterkaste mot ei NATO-utviding og utmålar dei negative konsekvensane. Han er om mogleg endå meir kritisk enn Kennan. Harries rekapitulerte sentrale drag i russisk historie før han drog til med denne domen:

«To ignore all this history and to attempt to incorporate Eastern Europe into NATO's sphere of influence, at a time when Russia is in dangerous turmoil and when the nation's prestige and self-confidence are badly damaged, would surely be an act of outstanding folly.»

Særskilt bør ein merke seg det dobbelsidige i varselet: dei *indrepolitiske* utslaga i Russland i sjåvinistisk retning, så vel som dei *internasjonale konsekvensane*:

«It could well provide a catalyst that would enable extreme chauvinistic elements in Russia to exploit frustrations, resentments and wounded national pride in ways that would have unpleasant consequences both internally and internationally.»<sup>53</sup>

Dette gir eit noko anna grunnlag for å forstå bakgrunnen for krigen i Ukraina og den indrepolitiske utviklinga i Russland enn det perspektivet som har dominert i norsk offentlegheit. Her og elles i Vesten har ein heller slått seg på personfokusering og psykologisering av Vladimir Putin, leita etter essensialistiske anomaliar og patologiar i det russiske raritetskabinettet, som forklaring på landets utvikling og politikk.

Kven var dei mest ihuga pådrivarane *for* den nye NATO-politikken? Ei spesiell pressgruppe for ein offensiv utanrikspolitikk skulle bli The Project for the New American Century (PNAC), ein neokonservativ *tankesmie* som blant andre Dick Cheney, Donald Rumsfeld og Paul Wolfowitz var med på å grunnlegge. Dei hadde sentrale stillingar i administrasjonen til den førre presidenten, George W. Bush. For denne gruppa gjekk NATOs ekspansjon austover inn i eit storstrategisk forlengings-konsept, det å gjere også det neste hundreåret til eit amerikansk hundreår, slik perioden etter 1945 hadde vore. Då galdt det å hindre at Russland nokosinne reiste seg igjen. Lenger aust i den strategiske horisonten representerte eit slumrande Kina enno ikkje noka utmaning, men den politiske tenkinga i desse miljøa var global.

### Europeiske motstemmer og norske kjettarar

I Europa slutta blant andre avisa *The Times* seg i 1997 til kritikarane av Clintons NATO-ekspansjon. Avisa antyda jamvel at Clinton kunne vere oppteken av eit innanrikspolitisk motiv med tanke på val, som å smigre store veljargrupper med austeuropeiske anar. På øvste politisk hald i eit vest-europeisk land var det Frankrikes president Jacques Chirac som hevda eit modererande synspunkt overfor USA. Chirac var ikkje overraska over at Jeltsin motsette seg utviding av NATO etter alt det Russland hadde gått med på og samarbeidd om etter Sovjetunionens fall.<sup>54</sup> Chirac vart i aukande grad kritisk til det han oppfatta som USAs nedverdige behandling av russarar.

Som Chirac var også den tyske kanslaren, Helmut Kohl, betenkt over dei amerikanske ekspansjonistane sin iver etter å utnytte Jeltsins veike posisjon og Russlands botnlause fornødning, landets «condition of weakness», til å utvide NATO. Kohl hadde mykje å takke Gorbatsjov for om tysk samling og var uroa over konsekvensane – langtidsreaksjonen og utviklinga i Russland.<sup>55</sup> I Storbritannia kom åtvaringa mot NATO-utviding austover frå blant andre tidlegare sjef for den britiske forsvarsstaben, Feltmarskalk Lord Carver, av mange rekna som landets fremste militærperson etter krigen. Carver ville jamvel avskaffe NATO-kommandoen fordi den hadde til formål å kamuflere kvar suvereniteten låg, at USA i realiteten hadde kommandoen over dei allierte statane sine styrkar.<sup>56</sup>

Kva så med Noreg og utvidingsdiskursen i NATO? Det offisielle mønsteret kan oppsummerast i ordet «hyperlojalitet» overfor det offisielle USA. Norsk utanrikspolitikk og suverenitet synest i stor grad, via regjering og utanriksdepartement, å vere delegert til USA.<sup>57</sup> Men avvikande røyster frå norske kjettarar lét høyre frå seg. Ved NATOs 50-årsmarkering med eit nytt strategikonsept – Nye NATO og *out of area* – i 1999, var historikaren Francis Sejersted blant dei som slo alarm om det han såg som ei farefull utvikling. Han var ein av 500 underskrivarar mot strategidokumentet: «Man tvinges til å spørre om man i NATO virkelig har gjennomtenkt hvor provoserende strategiplanen [...] må virke på andre land».<sup>58</sup> Sjølv om dette var på linje med opposisjonelle synsmåtar i USA, unngjekk ikkje Sejersted den vanlege anklagen om *anti-amerikanisme*. På denne bakgrunn kan ein forstå vurderinga til diplomaten Kai Eide, tidlegare NATO-ambassadør, i eit intervju etter krigsutbrotet i 2022: «Til og med i USA er debatten breiere enn i Norge».<sup>59</sup> Det var eit understatement. Kritikken mot NATOs ekspansjon var langt sterkare i USA enn i vårt land, der den tryggingspolitiske debatten er på permanent lågbluss og statsapparatet «penetrert av amerikansk tenkning».<sup>60</sup>

I intervjuet uttalte den tilsynelatande angrande ex-diplomaten, Kai Eide, som hadde reist rundt i Ukraina og Georgia med NATO-delegasjonar: «Særlig i Ukraina drev vi reklame for NATO»<sup>61</sup> I så måte gjorde vel Eide berre allianse-plikta. Men ute av den rolla og med krigen som bakteppe, røper

han kva han var med på. Og han la til om reklamereisa for NATO-medlemskap i desse landa: «Dette gjorde åpenbart russerne urolige.» Omsider forstod den norske diplomaten provokasjonsmomentet, som Foster Dulles og andre vestlege politikarar hadde gjort allereie i 1949 då Noreg vart NATO-medlem.<sup>62</sup> Det forstod også Gerhardsen-regjeringa på den tid, som utforma restriksjonane i norsk basepolitikk. NATOs generalsekretær, Jens Stoltenberg, vil neppe nokosinne forstå det, eller har ikkje mandat til å gjere det. Så seint som 12. januar 2022, 43 dagar før Russlands invasjon, uttalte Stoltenberg på ein pressekonferanse etter møtet i NATO–Russland rådet, som svar på spørsmål frå CNN om at det var usemje i alliansen om medlemskap for Ukraina: NATO «var klar til å støtte Ukraina på veggen mot NATO-medlemskap» («ready to support Ukraine on this path towards membership»)<sup>63</sup> Stoltenbergs partifelle, statsminister Støre, var ein tanke mindre konfronterande. Han håpte at «noen av Russlands hensyn kan ivaretas».<sup>64</sup>

Fire år før krigsutbrotet i Ukraina og to tiår etter Francis Sejersteds dissident-utspel om norsk utanrikspolitikk, tok ein tidlegare norsk statsminister bladet frå munnen om NATOs ekspansjon austover. Det var Francis Sejersteds partifelle i Høgre, Kåre Willoch:

«Men så kommer Vestens mangel på grundig tenkning. Et eksempel var da NATOs generalsekretær – det var før Stoltenbergs tid – begynte å mene høyt at Ukraina skulle inn i NATO. Ingen burde bli overrasket over at Russland kunne se det som en trussel, efter at de hadde mistet en stor del av sitt imperium. [...] Men de ville ikke godta at NATO skulle rykke så langt videre frem som medlemskap for Ukraina ville bety. Det ville jo føre til at amerikanske styrker kunne plasseres 450 kilometer fra Moskva, og slik at deres eneste betydningsfulle flåtebase i syd skulle havne i et NATO-land. Russiske politikere kan jo ikke handle ut fra noe annet enn det de selv ser og oppfatter som andres motiver og mål.»<sup>65</sup>

Willoch såg det provoserande i NATO-utvidinga. Han rører ved noko av det mest grunnleggande for å forstå ulike sider ved internasjonal politikk: *persepsjonstemaet*, kor ulikt ein situasjon kan bli oppfatta utifrå ståstad, spennet mellom persepsjon og mispersepsjon.<sup>66</sup> Som Richard Sakwa formulerer det: «Perceptions are everything in international politics, as are the mental maps of the participants. [...] the purely defensive actions by one state can be seen as aggressive by another.»<sup>67</sup> Korleis sentrale politikarar med mykje makt oppfattar røyndomen, vert ein integrert del av røyndomen og avgjerande for handling.

### **Russland – Samfunnskollaps og utanrikspolitisk fornedring**

Korleis var tilstanden i Russland på 1990-talet? Harvard-historikaren Odd Arne Westad har vurdert dei dramatiske følgjene av overgangen frå eitt

økonomisk system til eit anna: «[I]t is clear that the economic transition to capitalism was a catastrophe for most Russians.» Og om det utanrikspolitiske feltet: «It is also clear that the West should have dealt with post-Cold War Russia better than it did.»<sup>68</sup> Den økonomiske sjokkterapien i Russland etter Sovjetunionens kollaps er kalla verdshistorias største økonomiske ran. Frå kommunisme gjekk ein på ein blunk over til hyperprivatisering, røvar-kapitalisme og oligarkisering av sovjetisk statseigedom. Ein konsekvens var dramatisk nedgang i levestandard og levealder, utan sin like i verdssoga og med enorme påkjenningar for alle samfunnssektorar. Det råka òg militærsektoren. I 1994 uttalte forsvarsminister Pavel Grachev at ingen armé i verda var i ei så elendig forfatning som den russiske.<sup>69</sup> Lite tyder på at tilstanden har betra seg. Jamført med USA og NATO var og er Russland militært sett ein dverg.

Når denne kaotiske perioden, som kasta titals millionar personar ut i fattigdom og halverte levestandarden til russarar flest, fall saman med den «demokratiske» fasen, er det mogleg å forstå at ordet *demokrati* ikkje gav positive assosiasjonar hos dei som opplevde det. Då den nedverdiggande perioden var på hell og dei fleste indikatorar peika oppover, var det duka for Vladimir Putin. Ironisk nok var det USAs protegé i Russland, Boris Jeltsin, som plukka ut Putin som sin etterfølgjar.

Forskarar har spekulert i kor sterkt den kollektivt nedverdiggande tilstanden i 1990-åra («demokrati-perioden») sette seg i den russiske folkepsyken. Kjennskap til dette er ein føresetnad for å forstå kvifor Vladimir Putin, då han kom til makta ved slutten av tiåret, kunne få så sterk støtte. Han entra den politiske arenaen på eit for seg heldig tidspunkt – i gjenreisingsperioden for russisk økonomi etter kollapsen og fornedringstiåret. I staden for historisering og strukturanalyse har norske massemedium boltra seg i persongransking. Putin satsa på nasjonalisme og den ortodokse kyrkja som løftestenger. Noko av det same satsa Ukraina på i sin nasjonsbyggingsprosess, med vekt på den romersk-katolske kyrkja. Det skjerpa motsetningsforholdet. På nasjonalismefeltet møter vi litt av eit paradoks – at så fundamentalt ulike figurar som Alexander Solsjenitsyn og Putin (så vel som Gorbatsjov og Jeltsin), kunne ha noko felles. I september 1990 då Sovjetunionen tok til å sprekkje, åtvare dissidenten Solsjenitsyn frå sitt eksil i USA mot å øydelegge det han såg som Russlands slaviske kjerne. Han var innbiten antikommunist (jf. Gulag-bøkene) og russisk nasjonalist av gammalt merke. Spesielt kritisk var han mot dei som ville kappe Ukraina frå Russland. Han såg Ukraina som uskiljeleg frå Russland, spesielt Krimhalvøya og andre regionar i sør og aust, som ikkje hadde vore del av det «gamle» Ukraina. Alt pratet om eit separat ukrainsk folk med eit eige, ikkje-russisk språk var eit «nyleg påfunne falskneri».<sup>70</sup>

Då det ukrainske parlamentet erklærte sjølvstende i 1991, åtvare Jeltsins pressesekretær med at Russland kunne kome til å gjere krav på noko av

territoriet, som Krim og Donetsk regionen, så vel som Abkhasia i Georgia og ein bit av nordlege Kasakstan.<sup>71</sup> Mest kjensleg var tilhøvet til Ukraina.

### Ukraina – Det heterogene «grenselandet»

«As ever, Ukraine was in a special category [1997]» (Sarotte 2021)<sup>72</sup>

«Et solid flertall av befolkningen har imidlertid stilt seg avvisende til ukrainsk medlemskap [i NATO]» (Store norske leksikon 2006)<sup>73</sup>

Kvifor er tilhøvet mellom Russland og Ukraina av eit anna slag enn mellom dei andre nasjonane i Aust-Europa? Ein kjem ikkje unna å skissere eit historisk bakteppe av kulturell, etnisk og språkleg art, dersom ein vil forstå litt av tematikken. Grenseproblematikken mellom Russland og Ukraina med sitt konfliktpotensial har jamvel nedfelt seg i sjølve landsnamnet Ukraina, med tydinga *grenselandet*.<sup>74</sup> Ikkje noko anna av dei 14 grannelanda har Russland hatt eit så spesielt forhold til. Det tilseier at analogi-konstruksjonar og generaliseringar om nærast allmenn krigsfare frå eit uføreseieleg Russland – freistande å mane fram i propagandaen – har avgrensa overføringsverdi. Det er her historiedisiplinen har sitt analytiske særpreg, som eit *idiografisk* vitkapsfag med fokus på det særmerkte og unike til skilnad frå dei generaliserande samfunnsfaga.

Ifølgje den ukrainskfødde historieprofessoren Serhii Plokhly var Ukraina eit spesielt kjensleg tema også for Gorbatsjov, og det ikkje berre av personlege grunnar (russisk far, ukrainsk mor). Han gjorde sitt yttarste for at dei to sovjetrepublikane ikkje skulle skilje lag då unionen fall saman. Ifølgje Gorbatsjov var grensene i dette overgangsområdet ustabile konstruksjonar og han frykta etnisk konflikt dersom Ukraina braut ut av Sovjetunionen.

Bolsjevikane hadde gjort grensejusteringar for å styrke makta si også i Ukraina ved til dømes å legge Kharkov og Donbas dit. I 1954 overførte som nemnt Khrustsjov Krimhalvøya til den ukrainske sovjetrepublikken, ei intern overføring i Sovjetunionen i samband med 300-års feiringa av ein avtale frå 1654 då ein ukrainsk kosakkhøvding søkte hjelp hos den russiske tsaren mot eit polsk opprør i Ukraina.<sup>75</sup> Etter denne avtalen overtok Russland gradvis dei ukrainske områda aust for Dnepr, og på 1700-talet kom også områda vest for Dnepr under russisk styre, medan dei vestlegaste områda kom under Austrike-Ungarn. Namnet Ukraina vart frå slutten av 1500-talet brukt om landområda vest for elva Dnepr, som renn gjennom hovudstaden Kyiv. Sivilisasjonshistorikaren Huntington hevda jamvel at Ukraina var «a cleft country with two distinct cultures. The civilizational fault line between the West and Orthodoxy runs through its heart and has done so for centuries.»<sup>76</sup>

Ein Gorbatsjov-rådgivar hevda i 1991 at dersom Ukraina kunngjorde exit frå Sovjetunionen, så kom ikkje lenger Krimhalvøya til å vere ein del av Ukraina, men bli annektert av Russland allereie neste dag.<sup>77</sup> Ifølgje Gorbatsjov vart retorikken i Kyiv om sjølvstende for Ukraina møtt

med motstand nett i dei tungt prussiske regionane. Men om dei gjorde det, tilsa demografien at dei ikkje var mange nok til å få avgjerande innverknad. Andelen russarar var ca. 17 prosent, i den autonome republikken Krim ca. 70 prosent. Den språklege russifiseringa har vore så sterk at rundt rekna halve befolkninga snakkar russisk til dagleg og hovudstaden Kyiv er ein tospråkleg by. I folkerøystinga 1. desember 1991, med 84 prosents deltaking, valde heile 90 prosent sjølvstende for Ukraina. Resultatet stadfesta sjølvstendefråsegna i parlamentet 24. august 1991. Den nasjonale bølga var sterk. På Krim var stemninga annleis. I mai 1992 voterte parlamentet for sjølvstende frå Ukraina, men drog vedtaket attende etter press frå Kyiv. I januar 1994 valde Krim ein president som brukte valkampmottoet «einskap med Russland», men etter nytt press frå Kyiv droppa han lovnaden om folkerøysting om lausriving frå Ukraina.<sup>78</sup> Mykje talar for at dersom denne prosessen hadde fått gå sin gang, ville Krim på demokratisk vis ha brote med Ukraina allereie tidleg på 1990-talet.<sup>79</sup> – På denne bakgrunn kan ein forstå kommentaren til NRKs Moskva-korrespondent, H. W. Steinfeldt 30. april 2014: «Det er ikke det at Krim returneres til Russland som er problemet, det er måten det skjedde på som er problemet.»<sup>80</sup>

Det regionale mønsteret i røystegjevinga reflekterte ein kløyvande historisk arv som gjorde nasjonsbygging krevjande. Til ulike tider har utkant-provinsane i dagens Ukraina tilhøyrt ulike statsdanningar. I vest: Austerrike-Ungarn og Polen; i aust har den russiske påverknaden vore sterk. I vårt geopolitiske perspektiv gjer dette samansette mønsteret det forståeleg at den unge statsdanninga har hatt eit ustabilt balansepunkt mellom aust og vest med konsekvensar også for synet på NATO. Ifølgje Store norske leksikon var motstanden i Ukraina sterk enno så seint som i 2006, truleg lenger: «Et solid flertall av befolkningen har imidlertid stilt seg avvisende til ukrainsk medlemskap [i NATO].»<sup>81</sup> Dette var nok kjent hos pådrivarane i USA for å få landet inn i alliansen, men endra ikkje den geopolitiske målsetjinga deira om å få eit militærpolitisk nakketak på Russland via Ukraina.

NATO-strategane var vél vitande om kor veikt Russland var økonomisk og militært, men tilstanden vart ikkje gjort til allmennkunnskap i vestleg opinion. Landets elendige militærtilstand vart vurdert i ein rapport frå NATO Defence College i januar 2014. Der heitte det at russiske militærstyrkar ikkje representerte nokon fare for Vesten, blant anna på grunn av små løyvingar til militærsektoren og den katastrofale demografiske effekten av den økonomiske krisa etter Sovjetunionens kollaps. Det kunne jamvel reisast tvil om Russlands «ability to provide national defence *without tactical nuclear weapons* ... All this makes Russia's military capabilities less efficient and hardly interoperable.»<sup>82</sup> Dei militære kapasitetsfaktorane i det vide spennet mellom såkalla hybridkrigføring og taktiske atomvåpen var særskild mangelfulle: dei utgjorde eit makttomrom som det kunne ta tiår å fylla. Annekteringa av Krimhalvøya same år kravde ikkje dei manglande kapasitetane.

### **2014: Vendepunkt i grenselandet. Maidan-opprør og Krim-annektering**

Inntil 2014 rådde det ein slags intern nasjonal balanse i styringsorgana i Ukraina, ei likevekt mellom krefter som drog vestover og austover på mange samfunnsfelt, også militært. Over fleire månader i 2013/14 utvikla så Maidan-opprøret seg i Ukrainas hovudstad Kyiv mot ei regjering som blant anna prøvde å fortsette den vanskelege balansegangen mellom aust og vest. Kor sterk USAs hand var bak folkeopprøret på Maidan-plassen og i den påfølgjande regimeendringa med destabilisering og regional borgarkrig, vil framtidens historikarar kunne klårlegge. Blant dei amerikanske aktørane som medverka, var diplomaten Victoria Nuland og USAs ambassadør i Kyiv, Geoffrey Pyatt.<sup>83</sup> Ifølgje Richard Sakwa var Nuland «an active and engaged participant on the Maidan».<sup>84</sup> Eit regimeskifte i Kyiv vart oppmuntra og tilskunda av Europa-avdelinga i det amerikanske utanriksdepartementet, Nulands oppdragsgivar. Karrieren hennar hadde gått frå staben til intervensjonisten Dick Cheney's til Hillary Clintons team. Nuland, med bakgrunn i det Sakwa kallar russofobe neokonservative, skrytte av alle pengane utanriksdepartementet stilte til disposisjon for påverknadsarbeidet i Ukraina. – Dette samsvarar med vurderinga til diplomaten Jack Matlock, Russland-rådgivar for fleire presidentar, ambassadør i Moskva og seinare forskar. Ifølgje Matlock vart krisa i Ukraina forsterka av innblanding frå USA og NATO.<sup>85</sup>

Med regimeendringa etter Maidan-opprøret, vart den finstemte vektsskåla skippla. Balansen bikka vestover i samsvar med USAs mål om å gjere Ukraina til NATO-medlem. Russland reagerte med å annektere Krimhalvøya der hovudbasen for Russlands svartehavsflåte er stasjonert. I Moskva såg ein truleg føre seg at etter regimeendringa i Kyiv kom marinebasen i Sevastopol, som Russland hadde ein leigeavtale om, til å bli skifta ut med ein NATO-base, med permanent nærvær av NATO-fartøy i Svartehavet.<sup>86</sup> USA og NATO ville i dette scenarioet – potensielt med atomvåpen – vere posisjonert slik overfor Russland, som ei tilsvarande russisk etablering i Mexico-golfen ville fortone seg for USA.

Kontaktflata med størst konfliktpotensial mellom Ukraina og Russland var og er dei to prorussiske enklavane i Donbas: Donetsk og Luhansk. Har kanskje dei prorussiske «separatistane» der – ved si agering etter regimeendringa i Kyiv sidan 2014 – hatt eit slags grep på Putin, sett han i skvis om handteringa av situasjonen? Kunne og ville han svikte dei? Dette Kreml-dilemmaet har vore lite framme i diskursen om konflikten. Då det såg ut som desse to prorussiske enklavane med utbrytarambisjonar var i ferd med å bli nedkjempa av den ukrainske hæren, sende Kreml inn regulære russiske styrkar. Men Putin nølte: «Putin was still cautious. He did not annex the enclaves, as the separatist wanted, but instead took the opportunity to get the deal in Minsk.»<sup>87</sup> Intensjonen skal ha vore – med enklavane som pressmiddel – å influere Kyivs politikk i retning av eit kompromiss. Slik gjekk det ikkje.



Minsk-avtalen vart ikkje implementert. Lawrence Freedman er her inne på Putins dilemma og skvisen han stod i: «Unlike in Crimea, Putin had shown an uncertain touch as a commander, with the Donbas enclaves left in limbo, belonging to no country, and Ukraine continuing to move closer the West.»<sup>88</sup>

Etter at Donbas-krigen hadde gått i stå etter 8 år og Minsk-avtalen ikkje gav resultat, tok maktthavarane i Kreml eit dumdristig steg 24. februar 2022. Målet var truleg reversering av regimeendringa i Kyiv i 2014, for å få Ukraina inn att i Russlands interessesfære – «and never again contemplate joining either NATO or the EU.» Med ein angrepsstyrke på «berre» ca. 150 000 soldatar i det Putin kalla ein «spesialoperasjon», kunne det ikkje vere tale om nokon total okkupasjon eller pasifisering av eit så stort land – «far from sufficient to take and hold all of Ukraine.»<sup>89</sup> Det er det nest største landet i utstrekning i Europa og har 44 millionar innbyggjarar. Etter fiaskoen med å ta Kyiv – truleg som følgje av misvisande etterretning og illusjonar om folkemeininga der, og i møte med eit godt førebudd forsvar – fall Putin-regimet tilbake på eit anna folkerettsstridig mål, «frigjering» av Donbas-regionen. Putins krig er av ein militæreksperter karakterisert som ein «case study in a failure of supreme command».<sup>90</sup> Slikt førekjem ikkje berre hos autokratiske leiarar. Også leiarar i demokrati kan ha blindflekkar av liknande slag, med angrepskrig og brot på FN-pakta, som av USA under president Clinton i Serbia/Kosovo (1999) og president George W. Bush i Irak (2003).<sup>91</sup>

### **Verdshegemonen: Ekspansjonsdynamikk og militærssystem**

Truman-doktrinen frå 1947, oppkalla etter president Harry S. Truman, gjekk ut på at USA måtte sjå det som si oppgåve å støtte frie folk og nasjonar mot undergraving innanfrå og militære truslar utanfrå. I praksis legitimerte doktrinen amerikansk innblanding i andre statars interne forhold og tryggingsspolitikk. Heilt sidan den kalde krigen hardna til i 1947, har USA stått for ein framskoten militær strategi. Ein potensiell fiende skulle konfronterast lengst mogleg vekk frå USA, på andre lands territorium, nærast mogleg motparten. Denne *forward*-strategien er forklaringa på dei hundretals militærbasane USA har etablert over heile kloden, etter Sovjetunionens fall også i Sentral- og Aust-Europa, nærare og nærare Russland: «That the country needed a large collection of bases and hundred of thousands troops constantly stationed overseas, as close as possible to any potential enemies, was central to this «forward posture».<sup>92</sup> Like viktig som ein framskoten strategisk posisjon er for USA, er det å hindre motparten tilsvarande nærleik til eige territorium (jf. Cuba-krisa 1962 då verda stod på randa av kjernefysisk ragnarok).

Sosialantropologen David Vine står bak fleire store arbeid om USAs mange militærbasar rundt om i verda. Han ser det som krevjande sjølvpedagogikk for amerikanarar å snu spegelen og førestille seg korleis det ville

kjennest å ha – om ikkje meir enn ein einaste – framand base nær den amerikanske grensa, «for example in Mexico, Canada, or the Caribbean, let alone in the United States.»<sup>93</sup> For å hjelpe på empatien og visualisere korleis det ville sjå ut, har han laga eit imaginært kart med framande lands basar plasserte rundt USA.<sup>94</sup> Ifølgje Vine kan USA-basane med mål om å avskrekke Kina og Russland verke stikk motsett grunna provokasjonsrisikoen:

«By provoking a Chinese and Russian military response, these bases may help create the very threat against which they are supposedly designed to protect. In other words, far from making the world a safer place, U.S. bases overseas can actually make war more likely and America less secure.»<sup>95</sup>

Den amerikanske strategien med militærinstallasjonar nærast mogleg motparten, om mogleg omringe han med basar, kan verke destabiliserande og krigsutløyande. Såleis ser David Vine den russiske Krim-anneksjonen i 2014 som *reaktiv*, som svar på ein aggressiv amerikansk politikk: «Russia's seizure of Crimea and its involvement in the war in Ukraine – has come after the United States encouraged the enlargement of NATO and built a growing number of bases closer and closer to Russian borders.»<sup>96</sup>

Ein kunne kanskje vente at fleire med politisk avgjerdspekt i USA var i stand til å innsjå provokasjonsrisikoen og det hasardiøse med militærbasar nær motparten. Det var ei slik innsikt som låg til grunn for reservasjonane i norsk basepolitikk, som lenge var innebygde i vår NATO-politikk frå 1949 med den såkalla baseerklæringa kort tid før Noreg vart medlem av NATO. Den gjekk ut på at Noreg ikkje ville tillate atomvåpen eller utanlandske basar i landet i fredstid. Desse reservasjonane er det lite igjen av etter den nyleg inngåtte baseavtalen, som USA ønskte seg og som stortingsfleirtalet sanksjonerte utan større motstand eller medieomtale. Maktlogikken i NATO synest å vere at dersom ein er militært overlegen nok, så må motparten bite audmjukinga i seg, tuktast til underkastning. Det er berre makt motparten forstår! Difor kan aldri NATO bli sterkt nok. Med Sverige og Finland som alliansemedlemer, har NATO blitt *sterkare* var kommentaren frå statsminister Støre. Men kanskje den tidlegare konstellasjonen med Sverige og Finland utanfor NATO, den såkalla nordiske balansen, gav eit *tryggare* Norden?

Om denne tematikken kan ein ane noko på det mentale planet – ei underliggende oppfatning om at ein sjølv, NATO-landa, er så demokratiske og moralsk overlegne og berre vil andre så inderleg vel at motparten ingen rett har til å tvile på det. Følgjeleg har han heller ingen grunn til å frykte NATO-basar, uansett kor nær sine grenser. For USAs eigne nærområde gjeld det motsette: motpartar skal haldast på lengst mogleg avstand. Og USA har makt til å implementere denne logikken dersom ein antagonist skulle prøve seg, som på Cuba i 1962. Då risikerte president Kennedy ein tredje verdskrig for å

få fjerna ein sovjetisk base av det slaget som USA i fleire år hadde hatt nær Sovjet i NATO-landet Tyrkia.

Uansett utfall av krigen i Ukraina vil det ved krigsslutt iallfall finnast ein *økonomisk* sigerherre – den amerikanske våpenindustrien. Ei pressgruppe som med store ressursar arbeidde for NATO-utvidingane i Senatet, var «US Committee to Expand NATO». Leiar i komiteen var talande nok vise-presidenten i Lockheed Martin.<sup>97</sup> Saman med andre konsern i den mektige våpenbransjen vart det arbeidd aktivt og effektivt for å influere dei politiske avgjerdsorgana i USA til å vedta NATO-ekspansjon til Sentral- og Aust-Europa, noko som opna ein ny lukrativ marknad for våpensal. Som hand til hanske samsvara samrøret i det militær-industrielle-kongresskomplekset med det overordna strategiske konseptet til supermakta. Målet om å bevare hegemoniet og framleis vere «Verdensherskerne» vil òg innebere forlenging av ein eksepsjonell historisk arv, den «amerikanske krigskulturen».<sup>98</sup>

Det er likevel interessant at 20 prosent av senatorane motstod trykket frå presidenten og lobbyistane då lovframlegget om NATO-utvidinga austover vart vedteke etter ein overflatisk debatt «that barely scratched the surface.»<sup>99</sup> I norske media vart NATO-utvidinga stort sett marknadsført som ei solidaritetshandling. Slik kunne den tradisjonelle norske misjonærimpulsen overførast frå Nord-Sør-dimensjonen til Aust-Vest-dimensjonen i internasjonal politikk. I dag er norske soldatar stasjonerte i nye NATO-land som grensar mot Russland, land som fungerer som sjakkbrikker i USAs framskotne militærstrategi.<sup>100</sup> Denne forward-strategien som skulle vise seg så destabiliserande, var det neokonservative pressgrupper og våpenindustrien i USA tok til å planlegge allereie tidleg på 1990-talet då den kalde krigen var over.

Det var dette risikofylte ved NATO-ekspansjonen George Kennan fleire gonger fåfengt åtvare mot utover 1990-talet. Truleg har vi berre sett byrjinga av dei konsekvensane Kennan så dialektisk-presist predikerte. – USA har vore velsigna med frispråklege kritikarar mot landets utanriks- og krigs-politikk, men overfor politiske avgjerdsorgan har innspela deira kome til kort i konkurranse med pengesterke konsern og industribransjar som lobbyerte for vedtak i sin favør og bruk av militærmakt. Det er først *etter* katastrofale nederlag og enorme øydeleggingar og tap – påført land som Vietnam, Irak, Afghanistan, Libya og Syria – at førehandskritikarane har fått anerkjenning.

### **Samtidshistorisk sluttord**

«NATOs utvidelse østover siden 1990-tallet er omdreiningspunktet i den nåværende konflikten» (Patomäki, juni 2022)<sup>101</sup>

Som påminning om det preliminære med å skrive samtidshistorie – varsenda og reservasjonane det krev grunna nærleik til stoffet saman med den avgrensa og selektive tilgangen til kjeldemateriale – avsluttar eg med å sitere ei amerikansk avis, *The New York Times*, like etter invasjonen. Avisa tok skarp

avstand frå det den såg som uprovosert aggresjon frå russisk side, men opna likevel for tvil om *kausaltet*, årsakssamanhengen:

«Analysts and historians will long debate whether Mr Putin's grievances had bases in fact, whether the United States and its allies were too cavalier in expanding NATO, whether Russia was justified in believing that its security was compromised. There will also be heated questioning over whether Mr Biden and other Western leaders could have done more to assuage Mr Putin». <sup>102</sup>

Reservasjonen («whether»), som vi les fire gonger i sitatet, indikerer at det i redaksjonsstaben til *The New York Times* fanst ein gnagande tvil om klokskapen i NATO-ekspansjonen. Det same galdt for den britiske *Financial Times*: «The wisdom of NATO's post-Cold War enlargement to the east will be debated in years to come.» <sup>103</sup> Ei slik søkande, reflektert haldning er sjeldan vare i norsk offentlegheit. Mediehistorikaren Magne Lindholm: «I Norge fordampet idéen om at norske journalister skal opptre som nøytrale observatører, da Russland invaderte Ukraina.» <sup>104</sup> Journalistane inntok skyttargravene i ein mediekrig. Det er ikkje noko nytt. Det skal godt gjerast å finne ein internasjonal konflikt etter 1945 som har vore slik framstilt i norske *mainstream*-medium at versjonen har stått seg mot seinare forskning. Det som derimot har stått seg, er verknadshistoria på opinionen av den mediale samtidsversjonen.

Som prøvt vist i denne artikkelen hadde krigen, som i strid med folkeretten tok til med det russiske åtaket på Ukraina 24. februar 2022, ein latensperiode med NATO-utvidingane nærare og nærare dei russiske grensene sidan 1990-talet. I 2004 gjorde medlemstalet i alliansen eit hopp frå 19 til 26 land, deriblant dei tre baltiske, slik policymakers i USA hadde drøymt om eit tiår tidlegare. Land som då stod for tur var to andre tidlegare Sovjetrepublikkar: Georgia og Ukraina. Det var ikkje absolutt konsensus i alliansen om denne politikken, men ei heller snever gruppe president-rådgivarar i USA hadde styrt kursen og avgjerdsprosessane saman med lobbyistar med rikeleg tilgang på ressursar til å få politisk gjennomslag. Likevel var det ein viss motstand i Senatet, men interessa og kunnskapen i amerikansk opinion om det som skjedde, var fråverande.

Det var helst blant amerikanske forskarar i den «realistiske» skuleretninga om internasjonal politikk at motstanden og kritikken var sterkast mot NATO-ekspansjonen. Eit felles drag ved desse innspela var at dei utover 1990-talet såg med sterk uro på sitt eige lands nedlatande og ekspansive politikk overfor eit Russland i djup krise. Det skjedde i ein atmosfære av sigerseufori etter den kalde krigen. Liksom George Kennan frykta dei konsekvensane av den amerikanske strategien når responsen melde seg. Forskingsdirektør Michael E. Brown var i 1999 meir direkte om den utanrikspolitiske rekylen: Det kunne vere risikabelt å teste grensene for kva Russland ville finne seg i av provokasjonar utan å slå tilbake («provocation without retaliation»). <sup>105</sup> «Den

vestlege propagandaen blendar ute den NATO-åtferda som Russland reagerer på. Den er aspektblind på den måten at den ikkje gir akt på provokasjonen, berre på reaksjonen hos motparten», skriv filosofen Jon Hellesnes i *Dag og Tid* 9. juni 2017. John Mearsheimer frykta i vendepunktåret 2014 kva som ville skje dersom USA og landets allierte ikkje endra kurs: «They can continue their current policy, which will exacerbate hostilities with Russia and devastate Ukraine in the process».<sup>106</sup> Konsekvenspotensialet er nok i skrivande stund vidare enn som så. Ein bumerangeffekt attende på angriparlandet Russland kan heller ikkje utelukkast – heilt inn i Kremls indre gemakkar.

Hegemoni-kreftene i NATO gambla overmotig med at Russland framleis var så veikt militært at åtvaringar derifrå kunne ein suverent og utan risiko oversjå – og rulle NATO stendig nærare Moskva. Kan ekspansjonistane i USA jamvel ha likt å leike med si overmakt og med audmjukingseffekten, teste og strekke motpartens tolegrense?

NATO-utvidinga kan vel ikkje ha vore ein utstudert machiavellisk provokasjon for å utløyse eit russisk svar i form av ein intervensjon? Då ville USA for all verda ha lukkast i å eksponere eit aggressivt Russland, som granneland ville søke vern mot i NATO. Det ville òg legitimere større forsvarsløyvingar. Det psykologisk geniale ved NATO-utvidingane var at dei ved sin provokasjonseffekt genererte nett den responsen frå Russland, som i sin tur kunne skremme fleire land inn i alliansen og styrke samhaldet der.<sup>107</sup> I dette emosjonelle dragsuget av frykt gjekk også dei to nordiske landa med,<sup>108</sup> Sverige og Finland, som offisielt hadde vore alliansefrie.<sup>109</sup> For å ta det steget var truleg ein historisk understraum av russofobi til hjelp.<sup>110</sup> Dessutan bør ein ikkje undervurdere påverknaden frå ein nordisk aktør bak kulissane, generalsekretæren i NATO. Alliansens identitetskrise frå 1990, med dilemmaet: «*Out of Area or Out of Business*», synest reparert. For kor lang tid?

Om krigsofferet Ukraina er det grunn til å minne om eit sidetema med langtidsrelevans for artikkelens geopolitiske perspektiv: Korleis vil krigen påverke den uferdige og utfordrande nasjonsbyggingsprosessen i det til no heterogene grenselandet? Nasjonal mobilisering og forsvar mot ei åtaksmakt fungerer gjerne samansveisande. I så fall vil Russlands angrepskrig få uintenderte følgjer for makthavarane i Kreml også på dette, truleg avgjerande feltet om Ukrainas framtid. Som formulert av ein ukrainsk filosof etter få månaders krig i 2022: «I 2010 var kanskje halve Ukraina Russland-vennlig, halve vendt mot Vesten. Nå vet jeg ikke hvor mange.»<sup>111</sup>

*Artikkelen er ikke fagfellevurdert.*

## NOTAR

- 1) Gorbatsjov i tale på 25-årsmarkeringa for Berlin-murens fall ([http://eng.global-affairs.ru/book/Gorbachevs-full-speech-during-the\\_celebrations-of-the\\_25th-Anniversary-of-the-Fall-of-the-Berlin-Wall](http://eng.global-affairs.ru/book/Gorbachevs-full-speech-during-the_celebrations-of-the_25th-Anniversary-of-the-Fall-of-the-Berlin-Wall)), sitert i Svetlana Savranskaya, «Yeltsin and Clinton», *Diplomatic History*, Vol. 42(4), 2018, s. 564.
- 2) Richard Sakwa, *Frontline Ukraine. Crisis in the Borderlands*. L.B. Taurus, London, 2015, s. 4.
- 3) Alexander Lukin, «What the Kremlin Is Thinking», *Foreign Affairs*, 2014(4), s. 93.
- 4) Oddbjørn Magne Melle, «USAs uforstand i Ukraina», *Klassekampen* 29.1.2015: 14–15. [Min tittel: «USAs destabilisering av Ukraina»]; jf.: «Putin's decision to march troops into Ukraine surprised many in the West, as well as in Russia, it did not surprise those who followed the nature and character of the rhetoric used by Russia and the West for the last eight years.» (Ofer Fridman, *Russian «Hybrid Warfare». Resurgence and Politisation*. Hurst & Company, London 2022, s. xiii.)
- 5) Lawrence Freedman, «Why War Fails. Russia's Invasion of Ukraine and the Limits of Military Power», *Foreign Affairs*, Vol. 101(4), 2022, s. 14.
- 6) M.E. Sarotte, *Not One Inch. America, Russia, and the Making of Post-Cold War Stalemate*. Yale University Press, New Haven & London 2021, s. 313.
- 7) Om geopolittikk, jf. Oddbjørn Melle, *Supermakter og kald krig-arener. Vestens globale hegemoni i møte med kommunisme, nasjonalisme og islamisme*, Abstrakt forlag, Oslo 2008, s. 45–50; Øyvind Østerud, *Geopolittikk. En nøkkel til storpolitikken*, Dreyer, Oslo 2021.
- 8) Sjå Gorbatsjov-sitat i innleiingsvignett.
- 9) Sakwa 2015, s. 4.
- 10) Jack F. Matlock Jr., *Superpower Illusions*, Yale University Press, New Haven & London 210, s. 247.
- 11) Sarotte 2021, s. 144.
- 12) Sakwa 2015, s. 4.
- 13) Michael E. Brown, «Minimalist NATO. A Wise Alliance Knows When to Retrench». *Foreign Affairs*, Vol. 78(3), 1999, s. 210.
- 14) Joseph S. Nye Jr., *Bound to Lead. The Changing Nature of American Power*. Basic Books 1991, s. 246.
- 15) Sakwa 2015, s. 4.
- 16) Jf. Fridman 2022, s. 119-20, 24.
- 17) Jf. Richard Lugar, «NATO: Out of Area or Out of Business; A Call for U.S. Leadership to Revive and Redefine the Alliance», *The Richard Lugar Senatorial Papers*, 2.8.1993, lasta ned 2.7.2022, <https://collections.libraries.Indiana.edu/lugar/items/shows/342>.
- 18) Ibid.
- 19) Jf. Brown 1999, s. 206.
- 20) Basert på Glenn H. Snyder, *Alliance Politics*, Cornell University Press, Ithaca, New York 1997.
- 21) Jf. senator Vandenberg's fryktskapande propogandaråd til president Truman i 1947 for å få aksept for Truman-doktrinen: Presidenten «scared hell» out of the

- American people» (Walter La Feber, *America, Russia and the Cold War 1945–1992*, McGraw-Hill, New York 1993, s. 53). Då vart det lettare å selje kald krig-politikken. Jf. allereie Aiskylos (525/524–456 f.Kr.): «Do not addict them to the drug of danger», (Corey Robin, *Fear. The History of a Political Idea*, Oxford University Press, New York 2004, s. 249).
- 22) Robin 2004: 1, 4.
  - 23) Bondevik i Stortinget 1.12.1951, S.tid. 7b: 2481.
  - 24) K.E. Eriksen og H.Ø. Pharo, Kald krig og internasjonalisering 1949–1965, *Norsk utenrikspolitikk historie*, bd. 5, Oslo 1997: 37.
  - 25) Serhii, Plokhly, *The Last Empire. The Final Days of the Soviet Union*, Basic Books, New York 2014, s. 406.
  - 26) Ibid., s. 407.
  - 27) Samuel P. Huntington, *The Clash of Civilizations and the Remaking of World Order*, Simon & Schuster/The Free Press, London 2002, s. 161.
  - 28) Plokhly 2014, s. 408.
  - 29) Jf. to artiklar av Odd-Bjørn Fure: «Verdensherskerne» (*Dagbladet* 15.3.2003: 48–53) om Irak-krigen og «endringer i det verdenspolitiske system» og: «USAs vilje til krig» (*Aftenposten* 18.1.2003): «Den besettende vilje til krig som USAs ledelse nå demonstrerer, [...] har ingen stormakt oppvist maken til i etterkrigstiden.»
  - 30) Sarotte 2021, s. 127. Utanriksminister Baker var ein av dei vestlege toppolitikarane som lovt Gorbatsjov at dersom han drog sovjetstyrkane ut av Aust-Europa, så ville ikkje NATO krype nærare Russlands grenser ved å ta tidlegare sovjetiske satelittar inn i alliansen (Jf. William D. Hartung, *Prophets of War*, New Nation Books, New York 2012, s. 193f).
  - 31) Sarotte 2021, s. 142.
  - 32) *Store norske leksikon*, bd. 15, Oslo 2006, s. 27.
  - 33) Sarotte 2021, s. 280.
  - 34) For to forskningstilar om dette: James Ledbetter, *Unwarranted Influence: Dwight D. Eisenhower and the Military-Industrial Complex*, New Haven, CT 2011; Ann Markussen m.fl., *The Rise of the Gumbelt: The Military Remapping of Industrial America*, Oxford 1991.
  - 35) Om våpenindustrien som politisk maktfaktor i samsvar med Eisenhowers åtvaring, jf. Hartung 2012; Vine 2020: 282–285, 303–305; Melle, *Klassekampen* 15.9.2018: «Den profitable lakeien».
  - 36) Vine 2020, s. 313f.
  - 37) Ibid., s. 283 og passim (sjå Index s. 419).
  - 38) Ronald P. Formisando. *Plutocracy in America*, Johns Hopkins University press, Baltimore 2015; jf. Melle, «Er USA eit demokrati?», *Klassekampen* 27.10.2020.
  - 39) Charles A. Kupchan, *The End of the American Era*, Alfred A. Knopf, New York 2002, s. 18; Hartung 2012, s. 197, men han oppgir røystetalet til 81–19, som er feil, éin representant var fråverande.
  - 40) Sarotte 2021, s. 261.
  - 41) Kupchan 2002, s. 323.
  - 42) Ibid., s. 18, 23, 272.

- 43) Om mjuk makt, spreing og internalisering av hegemonistatens normer, G. John Ikenberry and Charles Kupchan, «Socialization and Hegemonic Power», *International Organization*, Vol. 44(3), 1990, s. 283–315. Sjå også Chas W, Freemans artikkel om «Innflytelsessfærer» i dette nr. av *Vardøger*.
- 44) Paul K. MacDonald, «The Role of Hierarchy in International Politics», *International Security*, Vol. 32(4), 2008, s. 172.
- 45) Kennan var òg knytt til planleggingskontoret i det amerikanske utanriksdepartementet og er rekna som hovudarkitekt for den såkalla oppdemningspolitikken (*containment*) mot Sovjetunionen under den kalde krigen. På 1950- og 1960-talet var han professor ved Princeton-universitetet.
- 46) Kennan i brev til Strobe Talbott 31.1.1992, sitert i Frank Costigliola, «Roosevelt/Kennan and Stalin», *Diplomatic History*, Vol. 42(4), 2018, s. 531.
- 47) Sitert i John Lewis Gaddis, *George F. Kennan. An American Life*, The Penguin Press, New York 2011, s. 681.
- 48) Huntington 2002, s. 161.
- 49) Memorandum til utanriksminister Warren Christopher frå Strobe Talbott, 25.7.1996, sitert i Sarotte 2021, s. 261 n105. Kursiveringa kan vere gjort av Sarotte.
- 50) Jf. Sverre Lodgaard, «Skumringstid for det amerikanske sanksjonsregimet?», *Nytt Norsk Tidsskrift*, 2022(3), s. 175–186.
- 51) Om historieforskning og prediksjon, jf. Oddbjørn Magne Melle. «Historie og prediksjon: 1989», *Historisk tidsskrift*, 2012(4), s. 511–539.
- 52) *Foreign Affairs* 72(4) 1993: v.
- 53) Owen Harries, «The Collapse of ‘The West’», *Foreign Affairs*, Vol. 72(4), 1993, s. 43.
- 54) Sarotte 2021, s. 198.
- 55) *Ibid.*, s. 261.
- 56) Jf. Erik Alfsen, Bjørn Kirkerud og Bent Natvig, «NATOs utvidelse og atomvåpen», *Dagbladet* (kronikk) 26.02.1997; om Carver, *The Telegraph* 11.12.2001; *New York Times* 17.12.2001.
- 57) Tilstanden er neppe endra til det betre sidan forskingsresultatet om «en generell apati overfor utenrikspolitikk blant de fleste stortingsrepresentanter» og at Stortinget var «relativt impotent som maktfaktor ved utformingen av utenrikspolitikken» (Philip M. Burgess, *Internasjonal Politikk*, 1968, s. 752, 753).
- 58) Francis Sejersted, *Aftenposten* 8.9.1999.
- 59) Eide, *Klassekampen* 25.5.2022. Som apropos til temaet einsretting, indoktrinering og manglande mediepluralisme er det interessant å sjå kva slags forskingslitteratur frå det engelsk språkområdet norske forlag selekterer for omsetjing og som kan påverke ein større lesarkrins enn dei som les engelsk.
- 60) Formulering av Iver Neumann, *Klassekampen* 18.12.2010. Jf. liknande vurderingar i same avis også om massemedia: Minda Holm 27.7.2021; Terje Tvedt 11.6.2022; Fredrik Sejersted 30.10.2014.
- 61) Intervju med Eide: «Frykter taktfast marsj», *Klassekampen* 25.5.2022.
- 62) Jf. Joyce & Gabriel Kolko, *The Limits of Power. The World and United States Foreign Policy, 1945–1954*. New York: Harper & Row 1972, s. 499.
- 63) Stoltenberg på pressekonferanse etter møte i NATO–Russland rådet 12.1.2022 ([http://www.nato.int/cps/en/natohq/opinions\\_190666.htm](http://www.nato.int/cps/en/natohq/opinions_190666.htm))



- 64) NTB-melding 12.1.2022, kl. 12.40.
- 65) Torbjørn Røe Isaksen og Kåre Willoch. *Alt med måte. Politiske samtaler*. Cappelen Damm, Oslo 2018, s. 100.
- 66) Jf. klassikaren på feltet, Robert Jervis, *Perception and Misperception in International Politics*. Princeton University Press, Princeton: (1976), 2017.
- 67) Sakwa 2015, s. 217, 43.
- 68) Odd Arne Westad, *The Cold War. A World History*. Allen Lane. Penguin Books 2017, s. 623.
- 69) Benjamin S. Lambeth, «Russia's Wounded Military», *Foreign Affairs*, Vol. 74(2), 1995, s. 88.
- 70) Peter Conradi, *Who Lost Russia?*, OneWorld, London 2017, s. 165.
- 71) Ibid., s. 13.
- 72) Sarotte 2021, s. 270 om NATO-utviding austover.
- 73) *Store norske leksikon*, bd. 15, 2006, s. 27.
- 74) Jf. Sakwa 2012 og undertittelen i boka: *Crisis in the Borderlands*. Liknande synonym om namnet Ukraina er «landet ved periferien» og «utkant» (snl. 2006: 17, 24).
- 75) Huntington 2002, s. 165.
- 76) Huntington 2002, s. 165. For utdjuping og eksemplifisering av dei regionale motsetningane i Ukraina, jf. s. 165–168 med kart over valresultat s. 166.
- 77) Om Gorbatsjovs bruk av det etniske kortet som varsku, jf. Plokhly 2014, s. 258f.
- 78) Huntington 2002, s. 167.
- 79) Jf. Arne Overrein, «Russisk utenrikspolitikk – Fra avmakt til stormakt?», *Vardøger*, 37, 2019, s. 93.
- 80) <https://radio.nrk.no/serie/nyhetsettermiddag/sesong/201404/NPUB51006314#t=39m56s>
- 81) *Store norske leksikon*, bd. 15, 2006: 27.
- 82) Heidi Reisinger i NDC Conference Report, NATO Defence College, Rome, 31.1.2014, s. 3, sitert i Fridman 2018, s. 107 (uth. her).
- 83) Sakwa 2015, s. 87, 217.
- 84) Ibid., s. 217. For meir om Nuland og Ukraina, s. 94f, 218, 220, 224, 230.
- 85) Jack Matlock, «En splittet nasjons tragedie», *Klassekampen* 2022, s. 24.
- 86) Om Sevastopol-basen, jf. Vine 2017, s. 12, 323.
- 87) Freedman 2022, s. 16.
- 88) Ibid.
- 89) Ibid., s. 18.
- 90) Ibid., s. 22.
- 91) Jf. Ngairé Woods, «What the Mighty Miss. The Blind Spots of Power», *Foreign Affairs*, Vol. 101(4), 2022, s. 26, med USAs og Storbritannias angrepskrig mot Irak i 2003 som døme.
- 92) Vine 2017, s. 31.
- 93) Vine 2020, s. 2, 303. For ein annan amerikansk forskar om Mexico/Canada-analogien, Kupchan 2002, s. 14.
- 94) Ibid., s. 311.

- 95) Vine 2017, s. 12.
- 96) Ibid., s. 11.
- 97) Sarotte 2021, s. 284.
- 98) Om den amerikanske krigskulturen finst ei rekke forskingsarbeid, men lite omsett til norsk. Jf. t.d. Adrian R. Lewis, *The American Culture of War*, Routledge, New York 2007; John Dower, *The Violent American Century. War and Terror since World War II*. Haymarket Books, Chicago 2017.
- 99) Kupchan 2002, s. 18.
- 100) For meir om dette perspektivet, Oddbjørn Magne Melle, «Fanga i Nato-føydalismen», *Klassekampen* 30.3.2017, s. 16-17.
- 101) Heikki Patomäki, «Slutten på det nordiske idealet», *Le Monde Diplomatique*, juni 2022, s. 5.
- 102) *New York Times*, «No justification for a brazen invasion», By the Editorial Board, 25.2.2022.
- 103) *Financial Times*, sitert i Watkins 2022: 7.
- 104) Magne Lindholm, «De ubevisste maktutøverne», *Klassekampen* 8.9.2022, s. 16.
- 105) Brown 1999, s. 212.
- 106) Mearsheimer 2014.
- 107) Jf. Sakwa-sitatet med note 15.
- 108) Det emosjonelle dragsuget av frykt influerte også SV, skipa som motstandsparti til NATO i 1961 med namnet Sosialistisk Folkeparti.
- 109) Jf. Mikael Holmström, *Den dolda alliansen. Sveriges hemliga NATO-förbindelser*. Atlantis, Stockholm 2011.
- 110) Om russofobi nærast som eksistensiell angst i Norden, jf. Olav Riste, «Ideal og eigeninteresser: Utviklinga av den norske utanrikspolitiske tradisjonen», i Sven G. Holtmark, Helge Ø. Pharo & Rolf Tamnes (red.), *Motstrøms. Olav Riste og norsk internasjonal historieskrivning*, Cappelen, Oslo 2003, s. 66: ««Russefrykta» var eit velkjent felles nordisk og delvis felles europeisk historisk fenomen».
- 111) Volodymyr Jermolenko, intervju, *Klassekampen* 20.5.2022.